

HISTO
RIKAR
VERK
SEMDA



Kulturminnedokumentasjon
Årstad, gnr. 15, bnr. 429 m. fl., delfelt S7 Mindemyren

Innhald

1. Innleiing	3
2. Områdets historie	3
3. Bygningsmiljø	4
3.1 Bustadhus Elvebakken og Nyhaugveien	4
3.2 Martens brødfabrikk	5
4. Andre typar kulturminne	7
5. Foto og kart	8
5.1 Kart	8
5.2 Historiske foto	9
5.2.1 Kanalveien 90	9
5.2.2 Bustadhus Elvebakken og Nyhaugveien	17
5.3 Foto planområdet	20
5.4 Bustadhus Elvebakken og Nyhaugveien	25
5.4.1 Elvebakken 5	25
5.4.2 Elvebakken 7	26
5.4.3 Elvebakken 9	27
5.4.4 Elvebakken 10	28
5.4.5 Elvebakken 11	30
5.4.6 Elvebakken 12	31
5.4.7 Elvebakken 13	32
5.4.8 Elvebakken 14	33
5.4.9 Nyhaugveien 13	34
5.5 Kanalveien 90	35
5.5.1 Administrasjonsbygget	35
5.5.2 Mellombygget	45
5.5.3 Produksjonshallen	48
5.6 Rivingsobjekt	62
5.6.1 Portbygget	62
5.5.2 Vaktbygget	66
6. Avslutning	70
7. Litteratur og kjelder	71
8. Vedlegg	71

JUNI 2016

PROSJEKT: Årstad, gnr. 15, bnr. 429 m. fl, delfelt S7 Mindemyren

FORSLAGSSTILLAR: Bob eiendomsutvikling AS / NLA høgsolen

PLANKONSULENT: Ard Arealplan AS / MAD arkitekter AS / B+B arkitekter AS

UTARBEIDD AV: Historikarverksemda SA

SAKSBEHANDLAR: Ingrid Myrstad, faghistorikar

KONTAKT: ingrid@historikarverksemda.no | +47 986 13 006

1. Innleiing

Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggjande kulturminnedokumentasjon i samband med utarbeiding av reguleringsplan for Årstad, gnr. 15, bnr. 429 m. fl, delfelt S7 Mindemyren. Rapporten er laga på oppdrag frå Bob eiendomsutvikling AS og NLA Høgskolen, som i samarbeid med Ard arealplan AS, MAD arkitekter AS og B+B arkitekter AS har sett i gang detaljregulering av planområdet.

Planområdet består av eigedommen gnr. 15, bnr. 429 (Kanalveien 90) som husar kulturminnet Martens brødfabrikk – i dag disponert av NRK og Kristkirken – i tillegg til villabusetnad frå 1910–2000-åra. Området er sett av til sentrumsføremål i gjeldande områdeplan og til næringsbygg og sentrumsføremål i kommuneplanen. Deler av tilgrensa vegareal er inkludert i planområdet for å sikre fri sikt og åtkomst, i tillegg er ein del av Elvebakken og Nyhaugveien tatt med for å sikre areal til trygg skuleveg gjennom ein framtidig utbetring av vegen. Planområdet grensar til næringsbygg i nord og vest, og til busetnad i sør og aust.

Føremålet med planforslaget er å regulere frå dagens bruk til bustad-, undervisning og allmennyttige føremål. NRK skal flytte ut av Kanalveien 90, mens Kristkirken blir verande og NLA Høgskolen flyttar inn. I tillegg er det planlagt nye bustadbygg langs Kanalveien. Planen inneber ombygging av hovudelementa i produksjonskomplekset og kulturminnet Martens brødfabrikk – produksjonshallen og administrasjonsbygget – medan portbygget og eit vaktbygg frå 1970-åra føresettast rive. Dei nye tiltaka inneber ei endring i kulturmiljøet innanfor planområdet med fortetting og introduksjon av ute- og opphaldsareal.

Denne dokumentasjonen er basert på aktuell litteratur og kulturminnedokumentasjonar, relevante kjelder, mellom anna kart, teikningar og fotografi samt på observasjonar gjort under synfaring av planområdet. Synfaring av planområdet blei utført av faghistorikar Ingrid Myrstad frå Historikarverksemda 2. mai 2016 og 26. juni 2016. Alle foto er tatt av Historikarverksemda under desse synfaringane, med mindre anna er oppgitt i bildeteksten.

2. Områdets historie

Eigedomen var opphavleg utmark under garden Nyhaugen i Fana og blei med då bruket Minde blei skilt ut i 1856. I tida etter at jernbanestasjonen på Minde kom i 1893 blei store delar av Minde utparsellert, og i slutten av 1920-åra var mesteparten av inn- og utmarka villahagar. Unntaket var området langs kanalen og jernbanelina – Mindemyren, som planområdet er ein del av – som blei føresett regulert til industriføremål allereie då Årstad blei innlemma i Bergen kommune i 1915. Industribygginga på staden let likevel vente på seg, og fram til midten av 1950-åra var Mindemyren jordbruksland og beitelandskap med enkeltstående produksjonsbygg knytt til jordbruket.

Dei første industribygningane som reiste seg på Mindemyren hørde til anlegget til Bergensmeieriet, som sto ferdig i 1960 nord på området. Omtrent samtidig bygde Eggsentralen på tomte sør for meieranlegget. I 1960 søkte bakeribedrifta Ditlef Martens AS om å få den sørlegaste tomte (planområdet). Det gjekk i orden og ved årsskiftet 1965/1966 flytta bakeriet inn i det som då var eit av dei største og mest moderne bakerianlegga i Nord-Europa.

3. Bygningsmiljø

Det er ikkje registrert nokon freda kulturminne eller bygningar innanfor planområdet i Askeladden, og det er heller ikkje nokon Sefrakregistrerte bygg i nærleiken. Like søraust for planområdet er det registrert eit fornminne – eit busetnads-/aktivitetsområde frå steinalder med uavklart vernestatus i Nyhaugveien. Dette er rekna som funn som truleg kjem frå areal rett i nærleiken, og trass i at området er mykje nedbygd er det potensial for funn innanfor planområdet med meldeplikt etter kulturminnelova.

Dei kjente kulturminneverdiane i planområdet er knytt til bygningsmassen: Industribygg frå 1960-åra og villabusetnad frå 1910–2000-åra.

3.1 Bustadhus Elvebakken og Nyhaugveien

Bustadane innanfor planområdet er ein del av eit større bustadfelt med hus av blanda karakter, men spesielt prega av eldre villaer frå tidleg 1900-tal i sveitser- og jugendstil. Tomtene er karakterisert av store hagar og av usymmetrisk plassering av bygga innanfor eigedomsgrensene – hagebyforstadsprinsippet om terrengtilpassing av vegar og busetnad låg til grunn for den tidlege utbygginga. Av dei ti bustadhusa som ligg innanfor området er fire av dei sett opp i åra rundt 1920 og har eit relativt homogent arkitektonisk uttrykk. Dei er alle prega av samtidas jugendstil, noko som særleg kjem til uttrykk gjennom dei utprega mansardtaka. Av desse peikar dei tre villaene i Elvebakken 10 og 14 og Nyhaugveien 13 seg ut som spesielt interessante ut i frå stil, framtoning og bevarte detaljar og kan dermed seiast å ha høgast antikvarisk verdi.

Elvebakken 5 (a og b) er ein vertikal- og horisontaldelt firemannsbustad sett opp i 1932. Bygget har sidan fått eit lite tilbygg mot sør og utvida terrasse mot sørvest. Dei opphavlege to- og trefags vindauge er byta ut med vindauge utan sprosser og det er i tillegg sett inn fleire vindauge mot nord og i taket. Skifertaket er bevart. Bygget fekk i perioden 1980–2005 garasje og eit lite uthus.

Elvebakken 7 (a–f) er eit stort, frittliggande bustadbygg på tre etasjar med seks bueningar og statusår 2000. Bygget er utforma med mansardtak.

Elvebakken 9 er ei ombygd versjon av eit eldre hus som sto på tomta og som truleg blei reist i perioden 1910–1925. Originalhuset var eit mindre hus med saltak og tilbygg mot søraust. Huset fekk ark i takflata mot sør i tidsrommet 1927–1955 og dagens utforming med garasje og tilbygg i perioden 1980–2005. Huset har i dag jugendprega vindauge med småruter i øvste ramme. I 2005 blei det bygd eit nytt, mindre bustadhus på to etasjar på tomta – **Elvebakken 9a**.

Elvebakken 10 er ein horisontaldelt tomannsbustad på tre etasjar er bygd rundt 1917 (originalteikninga datert 17. mai 1917), med påbygg mot aust frå 1923 og garasje av nyare dato. Villaen er oppført i jugendstil med heilvalma skiferdekk mansardtak med svai ved gesimsen, arker i takflata, midtstilt karnapp med altan og jugendprega vindauge som er smårutete i øvre ramme. Huset framstår i alle hovudsak slik det gjorde i 1920-åra, men karnappet som opphavleg hadde utgang i front har fått sidedør og altan på høgre sida. Det er også sett inn eit større vindauge i mønet i midtarka.

Elvebakken 11 er ein einebustad i to etasjar med statusår 1965.

Elvebakken 12 er ein horisontaldelt tomannsbustad på fire etasjar bygd i tida rundt 1920 (omtrentleg byggeår frå matrikkelen) med garasje frå 1939. Villaen er oppført med mansardtak med svai ved gesimsen og midtstilt ark og karnapp. Karnappet blei i perioden 1926–1935 utstyrt med ein

altan i loftsetasjen. Det opphavlege skifertaket er skifta ut med teglstein og dei originale vindauga med vanlege krysspostvindaug. Tilbygget og altanen på baksida av huset er endra i seinare tid.

Elvebakken 13 er ein nyare einebustad på tre etasjar med halvvalma tak og statusår 2005.

Elvebakken 14 er ein einebustad på 4 etasjar frå 1916 (jfr. kulturminnegrunnlag Wergeland) og var opphavleg identisk med Elvebakken 12 eksteriørmessig. Villaen er oppført med mansardtak med svai ved gesimsen og midtstilt ark og karnapp. Samanlikna med Elvebakken 12 har huset i nokon større grad beholdt det originale preget – villaen har framleis skifertak og det originale takutspringet på karnappet mot sørvest. Det er dei siste åra sett inn ei dør og ein balkong i karnappet og vindauga er byta ut med krysspostvindaug og tofagsvindaug.

Nyhaugveien 13 er ein horisontaldelt tomannsbustad på tre etasjar oppført i 1917, med garasje av nyare dato. Villaen er oppført i jugendstil med mansardtak med svai tekka med skifer og asymmetrisk plassert ark med karnapp og altan. Huset framstår slik det gjorde då det var bygd. Dei originale jugendprega vindauga er byta ut med vanlege krysspostvindaug og rekkverket på altanen er av nyare dato.

Sjå fotodokumentasjon for detaljar.

3.2 Martens brødfabrikk

Produksjonskomplekset Martens brødfabrikk (Kanalveien 90) er eit heilskapleg kulturminne med nasjonal og regional kulturminneverdi. Dei to hovudbygga er regulert med hensynssone H570 Bevaring kulturmiljø. Det blei teikna av Geir Grung (1926–1989) i 1962 og er bygd etter modulær tankegang med tunge, markante betongelement som skulpterer bygga – inspirert av den japanske betongbrutalismen. Grung var ein av dei fremste norske arkitektane innanfor denne tradisjonen i Noreg, og Martens brødfabrikk står som eit av dei mest utprega eksemplane på norsk brutalisme frå den tida.

Komplekset blei delt opp i tre hovudelement – ein produksjonshall og eit sylindrerforma administrasjonsbygg forbunde med både overjordiske og underjordiske passasjer, i tillegg til eit mindre portbygg som markerte inngangspartiet til tomta.

Produksjonshallen blei utforma som eit slags mekanobygg samansett av prefabrikkerte element i armert betong, med to etasjar på 12 600 kvadratmeter i tillegg til blindkjellar. Armerte betongsøyler med eit rektangulært tverrsnitt forsynt med konsollar for opplagring av golvelement og tak, blei valt som berande element. Dei blei konstruert for å kunne settast opp i nye samanstillingar og det blei dermed lagt til rette for fleksibilitet over tid. Forutan upussa betong blei ytterveggane til av vertikalstilte hole glaselement – ein slags smale glaspanel kalla Profilit – og det blei sett inn smale gjennomsluktige glas ved søylene i ytterveggane. Hallen blei vidare forsynt med ein særprega takkonstruksjon som hadde til hensikt å sleppe ut varme frå bakeriet. Dei skråstilte, V-forma takelementa var tenkt å dempe varmeutviklinga ved sollys, og skulle kunne sprøytast med vatn i varme periodar. Lys blei sloppe inn i spaltene mellom overkant av takelementa der opningane var dekkja av kuplar i dobbel og tredobbel akryl.

Administrasjonsbygget blei bygd i to og ein halv etasje i tillegg til underetasje rundt ein plasstøyppt kjerne. I sentrum av kjernen blei det plassert heissjakt med trapp i spiral på utsida av sjakta, belyst gjennom fire glasskuplar sentralt plassert i taket. Etsjane blei lagt på søyler med avlasta ytterveggar, noko som gav eit fleksibelt interiør der vegginnndelinga kunne varierast fritt og la til rette for ei delvis open løysing i første etasje. Planen i andre etasje var perfekt sentralisert med heis- og trappeløpet i midten og med dei andre funksjonane lagt utover i konsentriske sirkelar med forskjellige likeforma

eininger disponert symmetrisk om to kryssande aksar. Kontora blei ordna slik at avdelingsleiarane sat nærmast sentrum, med dei opne kontorlandskapet lagt utanfor og eit kommunikasjonsareal langs ytterveggen. Sanitær og arkiv blei konsentrert nærmast kjernen. Underetasjen husa personalfasilitetar som dusjrom og garderober. Ein utvendig solskjerming i aluminium blei avgjerande for det arkitektoniske uttrykket. Bygningen blei konstruert med tanke på framtidig påbygging i høgda frå tre til fem etasjar.

Mellombygget blei laga for å knyte saman produksjonshallen og administrasjonsbygget over jorda og består i hovudsak av eit sylindrerforma trapperom med ei lett spiraltrapp der trinna i betong blei kraga ut frå ei midtsøyle og det heile innkapsla i Profilit. Innvendig blei taket lagt med teakspiler.

Portbygget sto ferdig samtidig som dei to hovudbygga, og var forbunde med bensinstasjon og servicepark for Ditlef Martens bilpark. Bygningen blei utforma i to etasjar, ein overjordisk og ein underjordisk, og det blei nytta dei same materiala som i produksjonshallen – betong og Profilit.

Ved årsskiftet 1965/1966 flytta Ditlef Martens AS inn i det ferdige produksjonskomplekset i Kanalveien 90. Dei nye fabrikklokala blei utstyrt med topp moderne baketeknisk utstyr, og var då Noregs mest automatiserte bakeri- og konditoribedrift. I tillegg til brød og konditorvarer produserte fabrikk knækkebrød, kjeks, makaroni og spaghetti i lokala. I løpet av 1970-åra blei det lagt til to mindre brakkebygg vest på tomta, ein vaskehall og eit vaktbygg (berre sistnemnde står i dag). Dei to bygga tilhøyrde fabrikk, men kan ikkje reknast som del av det øvrige produksjonsanlegget med tanke på materialbruk og arkitektonisk uttrykk.

I perioden 1976–1979 avvika familien Martens gradvis sine eigarinteresser i bedrifta, som deretter gjekk gjennom mange hender – blant anna Bergensmeieriet og Bergen samvirkelag. I 1979 blei andre etasje i produksjonshallen bygd om til kontor, laboratorie, kantine, obduksjons-, kjøle- og fryserom for Statens veterinærlaboratorium, fylkesveterinæren, distriktsveterinæren og Bergensmeieriet. I 1986, etter 20 år i produksjonskomplekset, flytta Martens brødfabrikk ut av anlegget i Kanalveien, og tre år seinare blei det sett i gang ei større ombygging av heile komplekset i samband med at NRK kjøpte eigedomen. Det blei blant anna bygd ein komplett tredje etasje på administrasjonsbygget i tillegg til at store delar av første etasje blei bygd inn. Begge hovudbygga fekk nytt interiør og nye planløysingar. Eksteriørmessig endra også uttrykket seg, først og fremst ved at produksjonshallen blei malt kvit og ved fjerning av den karakteristiske solskjerminga på administrasjonsbygget. NRK Hordaland flytta inn i 1991.

I 1994 blei det igjen utført ein del endringar på bygga då leigearalet i andre etasje i produksjonshallen blei tilpassa Kristkirken sine behov. Kyrkjesamfunnet flytta inn i 1995. Omtrent samtidig bygde NRK eit nytt garasjebygg i aluminium på vestsida av produksjonshallen. I 2001 blei leigearalet til Kristkirken utvida og det blei laga ny inngang til lokala i form av ei brei utvendig trapp opp til andre etasje nord for garasjebygget. Desse to tiltaka endra fullstendig produksjonshallens fasade mot Kanalveien.


Takkonstruksjonen i produksjonshallen, som opphavleg sørga for god belysning i andre etasje gjennom akrylkuplane, er i dag i stor grad lukka av innvendig på grunn av lekkasjeproblem. (Kuplane i akryl blei tidleg byta ut med ein meir konvensjonell løysing på grunn av feil ved montering.) To ventilasjonsrom bryt i dag opp taket, men elles er dei V-forma takelementa bevart og kledd inn. Originalinteriøret i dei to hovudbygga er i stor grad kledd inn og radikalt endra, med unntak av enkelte element og rom. Nye inn- og utgangar, rømmingsvegar, portar, vindauge og tilpassingar til universell utforming har endra uttrykket noko. Sjå fotodokumentasjon for detaljar. Bensinstasjonen ved portbygget er i dag fjerna, og bygget blir primært nytta som fyrrom og lagring. Det har ikkje vore mogleg å oppdrive originaleikningane av produksjonskomplekset frå 1960-åra, men teikningar av dagens plansituasjon er lagt ved.

4. Andre typar kulturminne

Planområdet følger i dag Kanalveien mot vest som er bygd over det gamle løpet til elva som gjekk mellom Solheimsvannet og Kristiansborgvatnet. Dette strekket av vegen blei konstruert i løpet av 1970-åra og gjekk parallelt med jernbanelina. Jernbanelina opna i 1883, og Minde blei stoppestad i 1893. Lina var i bruk fram til 2001, men er i dag ikkje lenger synleg i landskapet anna enn som gangveg på vestsida av Kanalvegen. I sør følger planområdet vegen Elvebakken. Elvefaret frå Tveitevannet gjekk nord for vegen fram til 1960-åra. Forutan bygningane nemnt ovanfor består planområdet av bustadar, parkeringsareal, veg, murar og opparbeida hagemark.

5. Foto og kart

5.1 Kart




1. KANALVEIEN 90, PRODUKSJONSHALLEN, MEDIABYGG, 1966.
2. KANALVEIEN 90, ADMINISTRASJONSBYGGET, MEDIABYGG, 1966.
3. KANALVEIEN 90, PORTBYGGET, ANNA ENERGIFORSYNINGSBYGG, 1966.
4. KANALVEIEN 88, VAKT, ANNA VEG- OG TRAFIKKTILSYNSBYGG, SETT OPP I PERIODEN 1970–1980.
5. ELVEBAKKEN 5A/5B, FIREMANNSBUSTAD, 1932.
6. ELVEBAKKEN 7A–F, STORT FRITTLIGGANDE BUSTADBYGG PÅ 3 OG 4 ETASJAR, 2000.
7. ELVEBAKKEN 9, EINEBUSTAD, 1910–1925
8. ELVEBAKKEN 11A, EINEBUSTAD, 1965.
9. ELVEBAKKEN 13A, EINEBUSTAD, 2005.
10. NYHAUGVEIEN 13, TOMANNSBUSTAD, 1917.
11. ELVEBAKKEN 14, EINEBUSTAD, 1916–1925.
12. ELVEBAKKEN 12, TOMANNSBUSTAD, 1916–1925.
13. ELVEBAKKEN 10, TOMANNSBUSTAD, 1916–1925.

5.2 Historiske foto

5.2.1 Kanalveien 90



PRODUKSJONSHALLENS FASADE MOT SØR SETT FRÅ BAKSIDA AV ADMINISTRASJONSBYGGET (TIL VENSTRE). UDATERT, ANTAKET 1966. HER KAN EIN SJÅ DEN ORIGINALE SOLSKJERMINGA I ALUMINIUM PÅ ADMINISTRASJONSBYGGET OG DEN OPNE LØYSINGA I UNDERETASJEN. FOR SAMANLIKNING MED DAGENS SITUASJON, SJÅ BILDE SIDE 37. FOTO: BJØRN WINSNES/NORSK ARKITEKTURMUSEUM (HENTA FRÅ BØE 2001).



DETALJ FRÅ PRODUKSJONSHALLENS SØRVESTRE HJØRNE. UDATERT, ANTÅKELEG 1966. HER KJEM DEI ORIGINALE AKRYLKUPLANE I TAKKONSTRUKSJONEN OG DEI DOMINERANDE MATERIALVALA – UPUSSA BETONG OG PROFILIT-GLASAPANEL TYDELEG FRAM. FOTO: BJØRN WINSNES/NORSK ARKITEKTURMUSEUM (HENTA FRÅ BØE 2001).



DETALJ FRÅ INNVEDIG TRAPPELØP I ADMINISTRASJONSBYGGET FRÅ FØRSTE TIL ANDRE ETASJE, HEISSJAKT TIL VENSTRE. UDATERT, ANTAKELIG 1966. FOR SAMANLIKNING MED DAGENS SITUASJON SJÅ BILDE SIDE 40. FOTO: BJØRN WINSNES/STIFTELSEN ARKITEKTURMUSEET (REPRODUKSJON AV NASJONALMUSEET/DAG ANDRE IVARSØY).



UTSNITT AV PRODUKSJONSHALLENS FASADE MOT VEST. UDATERT, ANTAKET 1966. FOR SAMANLIKNING MED DAGENS SITUASJON SJÅ BILDE SIDE 48. FOTO: BJØRN WINSNES/NORSK ARKITEKTURMUSEUM (HENTA FRÅ BØE 2001).



KONDITORIET I ADMINISTRASJONSBYGNINGEN, 26. MAI 1966. FOR SAMANLIKNING MED DAGENS SITUASJON SJÅ BILDE SIDE 41. FOTO: NORVIN REKLAMEFOTO/UBB BILLEDSAMLINGEN.



FRÅ FØRSTE ETASJE I PRODUKSJONSHALLEN, 26. MAI 1966. DELER AV DETTE INTERIØRET ER BEVART, SJÅ BILDER SIDE 55 OG 56. FOTO: NORVIN REKLAMEFOTO/UBB BILLESAMLINGEN.



FRÅ ANDRE ETASJE I PRODUKSJONSHALLEN MED NATURLEG LYS FRÅ OPNINGANE I TAKKONSTRUKSJONEN, 3. JULI 1967. FOTO: NORVIN REKLAMEFOTO/UBB BILLEDSAMLINGEN.



PRODUKSJONSHALLEN OG ADMINISTRASJONSBYGGET SETT FRÅ SØRVEST (PORTBYGGET), 3. JULI 1967. FOR SAMANLIKNING MED DAGENS SITUASJON SJÅ SIDE 21. FOTO: NORVIN REKLAMEFOTO/UBB BILLEDSAMLINGEN.




KANALVEIEN 90: FLYFOTO AV PLANOMRÅDET SETT FRÅ SØRVEST, 24. AUGUST 1970. FOTO: WIDERØE'S FLYVESELSKAP AS/ UBB BILLEDSAMLINGEN.



FLYFOTO AV PLANOMRÅDET SETT FRÅ SØRAUST, 24. AUGUST 1970. FOTO: WIDERØE'S FLYVESELSKAP AS/UBB BILLESAMLINGEN.

5.2.2 Bustadhus Elvebakken og Nyhaugveien




MINDE AVFOTOGRAFERT 1926–1927. UTSNITT NEDERST MED ELVEBAKKEN 9, 10, 12 OG 14 OG NYHAUGVEIEN 13. FOTO: ATELIER KK/UBB BILLEDSAMLINGEN.



MINDE AVFOTOGRAFERT 11. JUNI 1955. NEDERST UTSNITT MED ELVEBAKKEN 9, 10, 12 OG 14 OG NYHAUGVEIEN 13. FOTO: WIDERØE'S FLYVESELSKAP A/S.




UTSNITT AV FLYFOTO TATT 24. AUGUST 1970 MED ELVEBAKKEN 5, 9, 10, 11, 12 OG 14. FOTO: WIDERØE'S FLYVESELSKAP AS/ UBB BILLEDSAMLINGEN



UTSNITT AV FLYFOTO TATT 24. AUGUST 1970 MED ELVEBAKKEN 5, 9, 10, 11, 12 OG 14. FOTO: WIDERØE'S FLYVESELSKAP AS/ UBB BILLEDSAMLINGEN.

5.3 Foto planområdet



FLYFOTO AV PLANOMRÅDET OG KULTURMINNET KANALVEIEN 90 SLIK DET FRAMSTÅR I DAG. HENTA FRÅ GULESIDER.NO MAI 2016.



PLANOMRÅDET SETT FRÅ SØRVEST MOT AUST MED ADMINISTRASJONSBYGGET (KANALVEIEN 90) TIL VENSTRE I BILDET OG BUSTADHUS I ELVEBAKKEN TIL HØGRE (NR 5, 7 OG 12).



PLANOMRÅDET SETT FRÅ SØR MOT NORD, PRODUKSJONSHALLEN TIL VENSTRE OG ADMINISTRASJONSBYGGET TIL HØGRE (KANALVEIEN 90).



PLANOMRÅDET SETT FRÅ VEST (KANALVEGEN) MOT AUST. PRODUKSJONSHALLEN TIL VENSTRE OG ADMINISTRASJONSBYGGET TIL HØGRE (KANALVEIEN 90).



DET SØRVESTRE HJØRNET AV PLANOMRÅDET MED PORTBYGGET, I DAG VERKSTED/FYRROM (KANALVEIEN 90), SETT FRÅ PRODUKSJONSHALLEN.



PLANOMRÅDET SETT FRÅ NORDVEST MOT AUST MED PRODUKSJONSHALLENS FASADE MOT NORD (KANALVEIEN 90) OG VAKTBYGGET I DAG TILHØYRANDE GRN. 15, BRN. 502 TIL HØGRE I BILDET.



PLANOMRÅDET SETT FRÅ NORDVEST MOT SØR. VAKTHUSET TILHØYRANDE GRN. 15., BNR 502 (TIL VENSTRE) OG KANALVEIEN 90 (PRODUKSJONSHALL, ADMINISTRASJONSBYGG OG VERKSTEDBYGG) BAK BUSSTOPPET OG HEKKEN.



ELVEBAKKEN SETT FRÅ AUSTGRENSA I PLANOMRÅDET MOT VEST.



AUST I PLANOMRÅDET, DER NYHAUGVEIEN MØTER ELVEBAKKEN. NYHAUGVEIEN 13 MIDT I BILDET.

5.4 Bustadhus Elvebakken og Nyhaugveien

5.4.1 Elvebakken 5



5.4.2 Elvebakken 7



5.4.3 Elvebakken 9



5.4.4 Elvebakken 10





5.4.5 Elvebakken 11



5.4.6 Elvebakken 12



5.4.7 Elvebakken 13



5.4.8 Elvebakken 14



5.4.9 Nyhaugveien 13



Kulturminnedok. Kanalveien 90

34 av 71

historikarverksemda.no

5.5 Kanalveien 90

5.5.1 Administrasjonsbygget



OVER: FASADE MOT SØRVEST MED NY SOLSKJERMING.
UNDER: DEN OPNE LØYSINGA I FØRSTE ETASJE ER DELVIS BEVART RUNDT INNGANGSPARTIET.





DELER AV FASADE OG MUR PÅ SØRSIDA AV BYGGET, SETT MOT AUST.



FASADE MOT AUST.



DETALJ FASADE OG SOLSKJERMING.



DETALJ AV ADMINISTRASJONSBYGGETS FASADE MOT AUST OG PRODUKSJONSHALLENS FASADE MOT SØR OG MUR.



DETALJ INNGANGSPARTI.



DETALJ INNGANGSPARTI. DENNE DELEN AV BYGGET HUSA ORIGINALT KONDITORIET, SJÅ BILDE SIDE 12.



I UNDERETASJEN AV ADMINISTRASJONSBYGGET ER EIN DEL AV INTERIØRET OG ROMSTRUKTUREN BEVART FRÅ BAKERITIDA. BLANT ANNA DEI DOBLE TOALETTA (DEI TO DØRENE TIL HØGRE) SOM VAR PLASSERT RUNDT KJERNEN.



I TILFLUKTSROMMET/LAGERET I UNDERETASJEN FINST FRAMLEIS EIN DEL AV DEI ORIGINALE FASILITETANE – DUSJAR, VASK OG TOALETT.



BILDET ER TATT I VESTIBYLEN I FØRSTE ETASJE OG VISER TRAPPEROMMET SLIK DET FRAMSTÅR I DAG. TRAPPA HAR BEHALDT SIN OPPHAVLEGE FORM, MEN REKKVERKET ER MALT OG TAKET ER BYGD INN.



DEI OPPHAVLEGE DØROPNINGANE KAN SKIMTAST OVER DAGENS DØRER I TRAPPEROMMET I FØRSTE ETASJE. VEGGANE AV BETONG ER MALT KVITE OG DET ER LAGT GOLVBELEGG.



FRÅ TRAPPEROMMET I FØRSTE ETASJE. RESEPSJONEN HELD TIL OMTRENT DER SOM KONDITORIET OPPHAVLEG LÅG, INNANFOR SØYLA TIL HØGRE, SJÅ BILDE SIDE 12.



I ANDRE ETASJE ER DET FÅ RESTAR FRÅ DET ORIGINALE INTERIØRET. GANG MELLOM KONTORA LANGS YTTERVEGGEN (TIL HØGRE) OG KONTROLLROM OG STUDIO (TIL VENSTRE).




FRÅ KORRIDOR I ANDRE ETASJE DER TO AV DEI BERANDE SØYLENE ER SYNLEGE.




TYPISK KONTOR I ANDRE ETASJE, INGEN RESTAR FRÅ ORIGINALINTERIØR.



FRÅ TRAPPEROMMET I ANDRE ETASJE. DEN OPPHAVLEGE DØROPNINGA ER SYNLEG RUNDT NOVERANDE DØR.



FRÅ OPENT KONTORLANDSKAP LANGS YTTERVEGGEN I TREDJE ETASJE SOM BLEI BYGD DÅ NRK TOK OVER.



DETALJ FRÅ TAKET I TRAPPEROMMET I TREDJE ETASJE SOM VAR EIN DEL AV ORIGINALINTERIØRET OG SOM BLEI BEVART DÅ TREDJE ETASJE BLEI UTVIDA.




TEAKSPILER I TAKET I TRAPPEROMMET I TREDJE ETASJE.

5.5.2 Mellombygget



MELLOMBYGGET HAR SIDAN 1970-ÅRA FÅTT NYTT UTVENDIG TAK, HEISUTBYGG OG VINDELTRAPP PÅ BAKSIDA. I TRAPPEHUSET ER DET SETT INN SMÅE, GJENNOMSIKTIGE VINDAUGE FOR INNSYN OG UTSYN I FRONT.





INNENDIG I MELLOMBYGGET ER DEI ORIGINALE TEAKSPILENE I TAKET I TRAPPEHUSET BEVART.



TRAPPEHUSET VAR ORIGINALT IKKJE UTSTYRT MED VINDAUGE OG REKKVERK.



KORRIDOREN MELLOM ADMINISTRASJONSBYGGET OG TRAPPEHUSET MED TILGANG TIL HEIS TIL HØGRE.



SJØLVE TRAPPEKONSTRUKSJONEN, DER TRINNA ER KRAGA UT AV MIDTSØYLA, ER BEVART.

5.5.3 Produksjonshallen



FASADE MOT VEST MED GARASJE FRÅ 1995 OG TRAPP OG NYTT INNGANGSPARTI FRÅ 2001.



BYGGETS NORDAUSTRE HJØRNE OG FASADE MOT NORD.



AUSTSIDA AV BYGGET, SETT MOT SØR.



AUSTSIDA AV BYGGET, SETT MOT NORD.



SØRSIDA AV BYGGET SETT MOT AUST, MED TAKUTSPRING, UTGANG OG VINDAUGE AV NYARE DATO.



SØRSIDA AV BYGGET SETT MOT VEST, MED HEISSJAKT, RAMPE OG INNGANG AV NYARE DATO. I SEINARE TID ER DET LAGT EI GANGBRU PÅ TAKELEMENTA FOR Å LETTE OG TRYGGJE TILKOMSTEN TIL TAKET.



DETALJ FRÅ FASADEN MOT SØR, MED ORIGINALT GLASPANEL – PROFILIT – OG DEI NO KLEDDE V-FORMA TAKELEMENTA MED GANGBRU.



DETALJ FRÅ FASADEN MOT SØR, MED NYARE GLASFLATER OG INNVENDIGE VINDAUGE.



DETALJ FRÅ FASADEN MOT NORD, DER DET ORIGINALE GLASPANELET ER BYTA UT MED MØNSTRA VINDAUGSFLATER.



DETALJ FRÅ FASADEN MOT NORD, MED RØMNINGSVEG, PORT OG TRAPPER AV NYARE DATO.



DETALJ FRÅ FASADEN MOT AUST.



DETALJ FASADEN MOT AUST MED SYNLEGE OPPHAVLEGE HEIS- OG TRAPPESJAKTER.




FØRSTE ETASJE, VESTIBYLE.



FØRSTE ETASJE, KORRIDOR FRÅ VESTIBYLE MED SYNLEG SØYLE.



DETALJ INTERIØR I KONTROLLROM FRÅ FØRSTE ETASJE, DER DEI KONSTRUKTIVE TAKELEMENTA I BETONG KJEM TIL SYNE.



REKVISITALAGERET I FØRSTE ETASJE, HER ER INTERIØRET I STOR GRAD BEVART FRÅ BAKERITIDA.



DETALJ FRÅ TAKET I REKVISITALAGER DER ORIGINALELEMENT I TAKET ER BEVART. FOR SAMANLIKING SJÅ BILDE SIDE 13.



BYGGETS KONSTRUKTIVE ELEMENT OG ORIGINALINTERIØRET ER FRAMLEIS GODT SYNLEG I REKVISITALAGERET I FØRSTE ETASJE.



SYNLEGE BETONGELEMENT I TAKET I REKVISITALAGER.



STUDIO S23 SOM GÅR OVER BEGGE ETASJANE I BYGGET, ELLES ER ETASJESKILJA SOM ORIGINALT.



TRAPPEROM MELLOM FØRSTE, ANDRE OG TREDJE ETASJE I NORDAUSTRE HJØRNE AV BYGGET.




INTERIØRET ER BEVART FRÅ BAKERITIDA.



KAFEEN I KRISTKIRKENS LOKAL FÅR FRAMLEIS OVERLYS SOM ORIGINALT, I GLIPA MELLOM DEI V-FORMA TAKELEMENTA.



LUKKA TAKELEMENT I KRISTKIRKENS FORSAMLINGSLOKAL I ANDRE ETASJE.



OGSÅ NRK-KANTINA I ANDRE ETASJE HAR OVERLYS SOM ORIGINALT.



GLIMT AV KONSTRUKTIVE ELEMENT I NRK-KANTINA I ANDRE ETASJE, BETONGSØYLE OG DRAGAR MALT I KVITT OG DELVIS BYGD INN.



INNGANG TIL BLINDKJELLAR UNDER PRODUKSJONSHALLEN.



TAK I BLINDKJELLAR MED ORIGINALE BETONGELEMMENT.

5.6 Rivingsobjekt

5.6.1 Portbygget



OVER: FASADE MOT NORD.
UNDER: FASADE MOT AUST.





FASADE MOT SØR.



BYGGET LIGG LANGS KANALVEIEN. HER SETT FRÅ NORD MOT SØR PÅ VESTSIDA AV PLANOMRÅDET.



FØRSTE ETASJE (BAKKENIVÅ). I MOTSETT ENDE: GANG, FORROM, TRAFOROM OG ROM MED HOVUDTAVLE. DELER AV VEGGEN MOT NORD BESTÅR AV SAME PROFILIT SOM PRODUKSJONSHALLEN.



TRAPP NED TIL UNDERETASJE – FYRROM NEDRE DEL.



DETALJ GOLV I NEDRE FYRROM.



DETALJ REKKVERK.

5.5.2 Vaktbygget



OVER: FASADE MOT SØR.
UNDER: FASADE MOT SØR OG AUST.





FASADE MOT AUST.



DETALJ FASADE MOT AUST.



DETALJ TRAPP OG INNGANG MOT AUST.



FASADE OG INNGANG MOT VEST.



FASADE MOT NORD. PRODUKSJONSHALLEN I BAKGRUNNEN.



DETALJ FASADE MOT VEST.

6. Avslutning

Dei planlagte tiltaka vil få følgjande konsekvensar for kulturmiljøet innanfor planområdet og kulturminnet Martens brødfabrikk:

Produksjonshallen vil i større grad enn dei seinare åra framstå i sin opphavlege drakt eksteriørmessig. Garasje og trapp mot vest av nyare dato skal rivast for å skape rom til uteplass mellom produksjonshallen og nytt bygg mot Kanalvegen og intensjonen er å erstatte flatane med glasareal i same posisjon som fasaden frå 1966. Slik vil fasaden mot vest framstå som meir lik originalen enn den gjer i dag. Endringane som førebels er planlagt når det gjeld takkonstruksjonen er å opne opp for overlys igjen i fleire av dei opphavlege opningane mellom takelementa.

Administrasjonsbygget skal utvidast i tråd med Geir Grungs intensjonar – bygget skal få fleire etasjar og fasaden og vindauga frå ombygginga i 1989–1991 skal skiftast ut. Dei originale elementa i interiøret – som heissjakt og trappeløpet – er planlagt bevart.

Den tredje og minst viktige delen av produksjonskomplekset – portbygget – skal fjernast, så også med vakhuset frå 1970-åra. Sjølv om desse to småbygga har vore ein del av det industrielle kulturmiljøet, vil fjerninga av dei ikkje få nemneverdige konsekvensar for opplevinga av kulturminne Martens brødfabrikk. Dette handlar blant anna om at dei er plassert eit stykke frå hovudbygga og er av heilt andre dimensjonar.

Dei nye tiltaka langs Kanalvegen inneber ei auka utnyttingsgrad og vil utgjere den største endringa for kulturmiljøet innanfor planområdet. Med tanke på siktliner til kulturminnet Martens brødfabrikk vil dei bli ivareteke frå nord og sør. Administrasjonsbygget vil rage høgare enn tidlegare, og slik gjere kulturminnet meir synleg i landskapet. Kanalveien var ikkje ein del av det opphavlege kulturmiljøet, men det ligg ein føresetnad om å bevare opplevinga av kulturmiljøet slik det framstår i dag, gjennom å tilpasse skala og byggehøgde på dei nye tiltaka slik at dei ikkje kjem i konflikt med kulturminneinteressa.

Dei nye tiltaka vil ikkje få konsekvensar for villakarakteren i området. Bustadane i Elvebakken og Nyhaugveien er tatt med i planområdet for å sikre areal til trygg skuleveg gjennom ein framtidig utbetring av vegen.

7. Litteratur og kjelder

Byantikvaren i Bergen. 1997. *Kommunedelplan Næringskorridoren*. Kulturminnegrunnlag.

Byantikvaren i Bergen. 2008. *Kulturminnegrunnlag som innspill til strategiprogram for lokalsenter S 11 – Wergeland*. Kulturminnegrunnlag.

Byantikvaren i Bergen. 2013. *Kulturminnegrunnlag Mindemyren. Tillegg til kulturminnegrunnlag for næringskorridoren*.

Bøe, Alf. 2001. *Geir Grung. Arkitekten og hans verk*. Arkitekturforlaget.

Hordaland fylkeskommune. 2010. *Utgreiing om kulturminneverdiane i planforslaget Mindemyren*. Vedlegg 4B.

Johansen, Karl Egil. 1993. *Fanabu og bymann*. Bind 3 Fana bygdebok. Fana bygdeboknemnd, Bergen.

Larsen, Jacob T. 2002. *Gards- og ættesoge*. Bind 4 Fana bygdebok. Fana bygdeboknemnd, Bergen.

Opus. 2010. *Delrapport for konsekvensutredning kulturminner og kulturmiljø for Minde Allmenning*. Kulturminnedokumentasjon.

Byggesaksarkivet, Bergen kommune.

Nettressursar:

Store norske leksikon/Norsk kunstnerleksikon – snl.no


Universitetsbibliotekets billedsamling i Bergen – marcus.uib.no

norgeibilder.no

bergenskart.no


8. Vedlegg

Planteikningar av dagens situasjon Kanalveien 90.





A	01.10.08	REVISJON ETTER BEFARING	G.F.P		XXX
REVR	REV. DATO	REVISJON	SIGN	TEGN	GRUNN
Etendom		Prosjekt nr.		Tegn	
NRK DISTRIKTSKONTOR BERGEN		XXXXXX		PLAN KJELLER	
PLAN KJELLER KB PLANTEGNING		MS	Tegn.	Sgn	Finhov
		1:200	08.12.05	G.F.	XXXX
					Rev
					A
 EIENDOMS AVDELING					
NRK MARIENLYST B.J.BJØRNSONS PL.1 PB.0340 OSLO					
JAN BRACK ARKITEKTKONTOR AS					
NRK HORDALAND BERGEN		PLANTEGNING KJELLER KB MIL. 1:100		REV.	
				DATO. 01.10.08	

KB.I



A	01.10.98	REVISJON ETTER BEFARING	GFP	XXX
REVNR	REV. DATO	REVISJON	SEN	ODKUL
Eiendom		Prosjekt nr.	Fag/	
NRK DISTRIKTSKONTOR		XXXXX	PLAN 1. ETASJE	
BERGEN				
PLAN 1. ETG KB		M.S.	Tagn. nr.	Finan.
PLANTEGNING		1:200	08.12.05	GF.
		Sign.	XXXX	Rev
		GF.		A
NRK EIENDOMSAVDELING				
NRK MARIENLYST B.J.BJØRNSEN PL.1 PB.0340 OSLO				
JAN BJØCK-ARKITEKONTOR AS				
NRK HORDALAND		PLANTEGNING		REV.
BERGEN		1 ETASJE KB		
		MÅL: 1:200		DATO: 01.09.98


KB.2



1.5


D	28.01.11	AUGURFØRT TEGNING ETTER DIV. OMREGG 2010	GFP	XXX
REVNR	REV. DATO	REVISJON	EGN	OGSKUL
Eiendom		Prosjekt nr.	Fag/	
NRK DISTRIKTSKONTOR BERGEN		XXXXXX	PLAN 2. ETASJE	
PLAN 2. ETG KB		M.S.	Tegn. nr.	Sign
PLANTEGNING		1:200	08.12.05	GF.
			XXXX	Rev
				D
NRK EIENDOMSAVDELING				
NRK MARIENLYST B.J.BJØRNSONS PL.1 PB.0340 OSLO				
JAN BRACK-ARKITEKONTOR AS				
NRK HORDALAND BERGEN		PLANTEGNING 2 ETASJE KB		REV.
		MÅL: 1:200		DATO. 01.09.99

KB.3




E	18.08.08	REVISJON - NY VEGG MELLOM AKSE 11 OG 12	G.F.P.	XXX
D	01.10.08	REVISJON ETTER BEFARING	G.F.P.	XXX
C	08.02.07	AJOURFØRT OMBYGG AKSE 1-3	G.F.P.	XXX
B	19.01.07	OPPRETTE MØTEROM I KORRIDOR	G.F.P.	XXX
A	19.02.06	OMBYGGING FRA AKSE 15 TIL 20	G.F.	XXX
REVNR	REV. DATO	REVISJON	SEN	ORISJ.
Etendom		Prosjekt nr.	Fag/	
NRK DISTRIKTSKONTOR		XXXXX	PLAN 3. ETASJE	
BERGEN				
PLAN 3. ETG KB		M.S.	Tegn. nr.	Finan.
PLANTEGNING		1:200	08.12.05	G.F.
			Sign.	XXXX
				E
NRK EIENDOMSAVDELING				
NRK MARIENLYST B.J.BJØRNSSONS PL.1 PB.0340 OSLO				
JAN BRUCK-ARKITEKONTOR AS				
NRK HORDALAND		PLANTEGNING		REV.
BERGEN		3 ETASJE KB		
MÅL: 1:200		DATO: 01.09.98		


KB.4



A	01.10.98	REVISJON ETER BEFARING	GFP	XXX
REVNR	REV. DATO	REVISJON	SEN	GRUNN
Eiendom		Prosjekt nr.	Fag/	
NRK DISTRIKTSKONTOR		XXXXX	PLAN 4. ETASJE	
BERGEN			Tagg nr.	Finans
PLAN 4. ETG KB		M.S.	Tagg nr.	Rev
PLANTEGNING		1:200	08.12.05	GF.
		Sign.	XXXX	A
NRK EIENDOMSAVDELING				
NRK MARIENLYST B.J.BJØRNSONS PL.1 PB.0340 OSLO				
JAN BJØCK-ARKITEKONTOR AS				
NRK HORDALAND		PLANTEGNING		REV.
BERGEN		4 ETASJE KB		
		MÅL: 1:200		DATO: 01.09.98




1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19
NRK DISTRIKTEKONTOR																		
PLAN 2. ETASJE - PB																		
PLANTEGNING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK MARENLYST SJ.BJORNSSONS PL.1 PELJ340 OSLO																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDELING																		
NRK EIENDOMSAVDEL																		



A	01.10.08	REVISJON ETTER BEHANDLING	STP		X0X
Rev. nr.	Rev. dato	Rev. av	Rev. av	Rev. av	Rev. av
Dokument			Prosjekt nr.	Fag/	
NRK DISTRIKTSKONTOR			X000X	TEKN. BYGG, K.J / 1. ETG.	
BEKJEN			Tegn. nr. / Fåst. / Rev.		
PLAN KJ / 1. ETG. T.B.			1:200	08.12.05	A
PLANTEGNING			1:200	08.12.05	A
NRK EIENDOMSAVDELING					
NRK MARINELYST BLUBØRNSØNS PL.1 PB0340 OSLO					
NRK BYGG- og INNSAMMELING					
NRK LØRSTAD		PORTFOLJEN		REV.	
NRK LØRSTAD		Tegn. nr. / Rev. PLAN KJ/ETG. 0 - 1. ETRG.		REV.	
NRK LØRSTAD		1:200		08.12.07 27.09.08 28.09.08	

GB.I

KANALVEIEN



ELVEBAKKEN

A	01.10.08	REVISJON ETTER BEFARING	G.F.P.	XXX
REV.NR.	REV. DATO	REVISJON	SIGN.	ODOK.J.
Eiendom		Prosjekt nr.	Fag/	
NRK DISTRIKTSKONTOR BERGEN GARASJE 1. ETASJE PLANTEGNING		XXXXX	GARASJE 1. ETASJE	
		M.S.	Tegn.	Sign.
		1:200	06.12.05	G.F.
			XXXX	A
NRK EIENDOMSAVDELING				
NRK MARIENLYST BJ.BJØRNSONS PL.1 PB.0340 OSLO				
JAN BAUCK ARKITEKONTOR AS				
NRK HORDALAND BERGEN		PLANTEGNING GARASJE 1. ETASJE		REV.
		MÅL: 1:200		DATO: 01.09.96